

0 1 2 3 4 5

bokLEK

FOR ALLE SKOLESTARTARANE I INNLANDET



NORSK SIGRID UNSET-DAGENE LILLEHAMMER
LITTERATURFESTIVAL

Innlandet
fylkeskommune

Eidsiva.



Alle skolestartarar blir ynskt velkomne til eit møte med Bjørn F. Rørvik og Bukkene Bruse.

BOKLEIK-TURNÉ

Alle borna som går siste året i barnehagen, blir invitert til folkebiblioteket der dei får møte ein av formidlarane i år. Bokleik-forfattarar i 2022 er Bjørn F. Rørvik. Under Bokleik-turneen reiser han, saman med Marianne Sundal og Kristine Haugland, rundt til alle folkebiblioteka i Innlandet og formidlar frå dei moderne klassikarane om Bukkene Bruse.

KVA ER BOKLEIK?

Bokleik er eit samarbeid mellom Norsk Litteraturfestival, Innlandet fylkesbibliotek og alle folkebiblioteka i Innlandet. Prosjektet blir støtta av Eidsiva. Målet med prosjektet er å skape positive litteraturopplevelingar for alle skolestartarar i fylket. Bokleik starta opp i 2014, og dei siste åra har det deltek over 3000 born i prosjektet. I 2022 blir skolestartarane igjen invitert til Bokleik, til å oppdage boka gjennom å lytte, teikne, dikt, fortelje og skape.

LEIK MED BOKA

Bøkene om Bukkene Bruse av Bjørn F. Rørvik og Gry Moursund kan lånaast på ditt lokale folkebibliotek. Alle barnehagar som deltek i prosjektet, får i tillegg eit eksemplar av boka «Bukkene Bruse begynner på skolen». Forfattarmøte blir alltid best med eit publikum som er forebudd, så vi oppmodar barnehagane til å gå inn på boklek.no, der de vil finne nyheter, tips og idear til aktivitetar som kan gjennomførast i barnehagen og heime, før og etter besøket på biblioteket.

FORMIDLARANE I ÅR

Bjørn F. Rørvik

Er ein av våre mest anerkjende barnebokfattarar, og kanskje mest kjend for biletbøkene om Bukkene Bruse saman med illustratør Gry Moursund, i tillegg til Reven og Grisungen-serien som er illustrert av Per Dybvig. Saman med illustratør Ragnar Aalbu står han og bak ein serie for barn om detektiven Purriot. Alle Bjørns bøker er fulle av humor og morosame påfunn.



© Erik Brandsborg/Kulturtanken



Marianne Sundal

er formidlar under Bokleik-turneen i 2022. Ho er forteljar og har dei siste sekstan åra arbeidd med forteljingar, forestillingar og kurs. Ho arbeider mykje med elevar og lærarar som vil lære seg å fortelje historier, og ho lagar også eigne forestillingar.



Kristine Haugland

har jobba som forteljar sidan 2003, og er med som formidlar under Bokleik-turneen i 2022. Med solo- og samarbeidsprosjekt har ho turnert og opptrødd for tusenvis av born, unge og vaksne i gymsalar, klasserom, litteraturhus og scener, på alt alt frå Den norske Opera til ein halmball i eit fjøs før jul.